

Styrets økonomiske beretning for tingperioden 2024 og 2025.

2024

Inntektene var betydeleg mindre enn budsjettert, noko som kjem av eit lågare tilslag på søknad om tilskot til mangfald og inkludering som vart sendt inn hausten 2023. Dei andre inntektene blei nokolunde som budsjettert. Oversikt over tilskota og kvar dei kjem frå er lista opp i årsmeldinga

Utgiftene blei og betydeleg mindre enn budsjettert, men litt større enn inntektene. Totalt underskot etter finanspostar kom tett på 23000,-

Ser ein på posten for aktivitet born 0-12 så er denne auka kraftig, noko som skriv seg frå eit år med mange born og ungdom som har delteke på o-leir og samlingar. Noko som er svært gledeleg. Fordelinga mellom denne posten og posten for aktivitet ungdom stemmer ikkje, men grunna fordelinga av tilskota beskrive under så let det seg ikkje dele opp på noko anna måte. Det har vore meir utgifter til ungdomane, enn det har vore til borna.

Det vart utarbeid ein fordelingsnøkkel på innkomne tilskot, slik at ein enklare kan rekne ut fordelinga utan så mange faktorar som spelar inn. Eit skjema for skulesprintar, og eit for o-leirar/fellesreise. For skulesprint så vert tilskotet fordelt ut frå totalt antall skular og elevar i krinsen, mot det antall skular og elevar klubbane har helde skulesprint for, laga opplegg for dei eller lånt ut utstyr.

Når det gjeld o-leir/fellesreise, så er dei resterande tilskota slege i hop. Tilskota blir fordelt ut frå totalt antall deltakande born/ungdom, mot kor mange born og ungdom som har delteke frå dei ulike klubbane. Klubbane har fått dekt utgifter til mat og overnatting, og eigenandelen blir trekt frå tilskotet klubbane får. På denne måten slepp krinsen å betale ut klubbane for alle utgiftene, og ein slepp å fakturere klubbane for eigenandelane.

Tilskotet er meint å hjelpe klubbane å kunne tilby born og ungdom å reise på o-leir utan at det skal koste dei noko, og at skulane får eit godt opplegg ut frå deira ynskje.

I fordelinga i 2024 så vart det ikkje halde tilbake noko for administrasjon, totalt tilskot blei fordelt då det såg ut som det var rom for dette. Det kom nokre utgifter i etterkant av tildelinga som resulterte i eit underskot.

2025

Inntektene for 2025 vart også nokså mykje lågare enn budsjettert, men litt høgare enn året før. Det vart i budsjettet på førre ting tatt høgde for at ein fekk tilskot tilnærma lik førre periode, men vi har fått avslag/avkorting på tilskota sidan det blir søkt om midlar til dei same prosjekta fleire år på rad. Vanskeleg å gjere noko anna sidan det er dette klubbane har som aktivitet. Eigenandelen er om lag kr 40.000,- meir enn budsjettert, og dette skriv seg frå auka aktivitet på o-leirane. Oversikt over tilskota og kvar dei kjem frå er lista opp i årsmeldinga. Årsresultatet viser eit underskot rett i overkant på kr 21.000,-

Utgiftene blei også betydeleg mindre enn budsjettert, men også i år meir ein inntektene. Største grunnen til dette er at det blei vedtatt å gå til innkjøp av «Krinsvestar» for å gi til ungdomen og lagleiarar som skal representere SFOK på t.d HL/OLL og samlingar i nabo krinsar etc. Krinsen har att eit lager av desse, så ein kan få kjøpe også om ein ynskje.

Vi fekk kr 10.000,- frå Sparebank 1 Sogn og Fjordane, samt kr. 5000,- får Elektropartner sentralt og kr 2.500,- kvar frå Sunnfjord Elektro og Tusssa installasjon. Vi takkar så mykje for bidraget. Totalt kom vestane på kr 33.075,- Restbeløpet på kr 13.075,- blei dekt av SFOK. Vestane blei «godkjente» av ungdomen om dei var med på å bestemme farge og design. Dei har blitt brukt i mange samanhengar og er blitt satt stor pris på av ungdomen. (Vi fekk ikkje akkurat den modellen vi bestilte, så leverandør har sendt oss t-skjorter som kompensasjon. Desse blei delt ut til ungdomen)

Krinsen måtte og supplere lageret av KM medaljar, og det blei kjøpt inn litt rikeleg for å oppnå rabatt på innkjøpet, og for å sleppe å supplere igjen om kort tid. Desse kom på kr. 16530,- Verdien av varelageret av vestar og verdien av medaljane vi har att, er i overkant av underskotet for 2025.

Vi ser og at utgiftene til aktivitet er betydeleg større enn budsjettert, men dette er som beskrive for 2024 kunn gledeleg avvik i og med det gjenspeilar større aktivitet blant born og ungdom.

I fordelinga av tilskota til klubbane så blei det halde att kr 30.000,- i administrative utgifter. Kr. 20.000,- av tilskotet til skulesprint blei overført til aktivitetsposten sia det var så har vore så stor aktivitet med o-leirar og samlingar.

Eigenkapitalen er gått ned med kr 31902,- til kr 181.692,- i tingperioden grunna dei nemnte faktorane. Det vil frå tid til anna være svingingar i økonomien, men styret sjå om det fins løyvingar å søke midlar frå som kan gå til drift, eventuelt må ein halde meir att frå tilskot som elles blir fordelt på klubbane.